

VEDLEGG



**DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Kommunal- og forvaltningskomiteen Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref
2021/1691

Vår ref
21/1266

Dato
26. april 2021

Svar til Stortinget vedr. representantforslag 8:216 S (2020-2021) om nødvendige tiltak for å sikre vatn og avløp

Eg viser til brev av 19. april 2021 frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomité der det blir bedt om kommunal- og moderniseringsministeren sin vurdering av representantforslag 8:216 S (2020-2021) frå stortingsrepresentantane Karin Andersen, Lars Haltbrekken, Arne Nævra, Eirik Faret Sakariassen og Kari Elisabeth Kaski om nødvendige tiltak for å sikre vatn og avløp. Forslaget rører ved ansvarsområde hos ulike departement, og i samråd med Kommunal- og moderniseringsministeren har Klima- og miljødepartementet teke samordningsansvar for vurdering av forslaget og svar til Stortinget. Eg har derfor også konferert med helse- og omsorgsministeren og forskings- og høgare utdanningsministeren når det gjeld de delane av forslaget som dei har ansvar for.

Innleiingsvis vil eg påpeike at forslaget synleggjer viktige utfordringar på vass- og avløpsområdet. Det er blant anna ei kjensgjerning at det er behov for fornying og renovering av leidningsnett, og at dette krev investeringar i tida framover. På bakgrunn av dette har Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet tatt initiativ til ein moglegheitsstudie for å synleggjere effektiviseringspotensialet i vass- og avløpssektoren og samfunnsøkonomiske effektar.

Studien skal utarbeidast på tverrfagleg basis, og skal utforske og utvikle potensialet i sektoren for best mogleg utnytting av offentlege ressursar. Studien skal bl.a. sjå nærare på korleis kommunane kan fornye og renovere leidningsnett raskare og meir kostnadseffektivt, undersøke og vurdere bruk av ny teknologi og kunnskap, gjennomføre kompetanseløft, samt å synleggjere dei samfunnsøkonomiske konsekvensane både på nytte og kostnadssida. I tillegg skal studien også omtale eventuelle strukturelle hindre på nasjonalt nivå, bl.a. behov

for endringar i regelverket, ansvar og organisering, drift og finansiering. Tiltak og verkemiddel for å stimulere til auka berekraft skal også vurderast.

Oppdraget vart i februar 2021 tildelt Oslo Economics, med COWI AS og Kinei AS som samarbeidspartnarar. Ein endeleg rapport med konkrete tilrådingar og strategiar skal vere klar i desember 2021. Rapporten vil inngå i departementas framtidige arbeid og avgjerdsgrunnlag på området.

Regjeringa har altså allereie teke eit viktig initiativ for å gå eit heilskapleg grunnlag for å vurdere det utfordringsbiletet som representantane bak forslaget er opptekne av. Difor vil eg og statsrådene som står bak denne studien tilrå at vi no må avvente denne rapporten og vurdere innhaldet der nøye før vi set i verk nye omfattande tiltak.

Punkta i forslaget kommenterast i det følgjande.

1. Om statleg utredning av eit nasjonalt system for naudvassutstyr som eit prioritert tiltak for å styrke beredskapen på drikkevassområdet

Forslaget om utgreiing av et nasjonalt statleg system for naudvassutstyr ser eg som eit forslag om å utgreie ein norsk variant tilsvarande det svenske VAKA-systemet, altså at det vert oppretta statlege lager med vassstankar som kan nyttast av kommunane. Eit slikt system har nokre fordelar, men også ei rekkje utfordringar. Ein annan del av det svenske VAKA-systemet er alt innført i Noreg ved opprettinga av Nasjonal vannvakt ved Folkehelseinstituttet i 2017. Helse- og omsorgsdepartementet har også sett på situasjonar knytt til naudvassforsyning og har mellom anna i samarbeid med Norsk Vann sett på grensene mellom vassverkets og kommunanes beredskapsansvar. Ansvaret er omtalt i rettleiarar som Mattilsynet har utgjeve. Fleire større kommunar sit på utstyr som vassstankar og pumper som dei ved behov låner ut til kommunar som treng det. Bl.a. lånte Askøy kommune utstyr frå Bergen ved hendinga i 2019. Det finst her mange løysingar med tanke på å betre teknisk kompetanse og tilgang til utstyr som heng saman med dei generelle utfordringane på området. Av den grunn tilrår eg at ei nærare utgreiing avventar rapporten nemnt ovanfor. Studien skal som nemnt vurdere om ansvar, organisering, drift og finansiering på vass- og avløpsområdet er formålstenleg. System for naudvassutstyr og beredskap generelt vil vere eit element i dette. Det er først når vi har eit slikt samla bilete, vi kan ta stilling til korleis naudvassberedskapen bør organiserast.

2. Om å følgje opp forslaga i NOU 2015:16

Overvassutvalet føreslo ein pakke av verkemiddel for å gjere kommunane betre rusta til å førebyggje skadar frå overvatn. Oppfølginga av dette arbeidet er omfattande og komplekst og tar difor tid. Forslagene må sjåast i samanheng, og vil til saman medverke til å oppnå

måla om å førebyggje skadar på busetnad, infrastruktur, helse og miljø. Arbeidet er høgt prioritert i regjeringa.

Eg meiner det er viktig å etablere rammevilkår først, og har difor prioritert arbeidet med å få på plass eit tydelegere regelverk for overvann. Miljødirektoratet har hatt forslag om omfattande endringar i vass- og avløpsanleggslova på høyring i 2020 og er no til behandling i departementet. Lovforslaget inneber blant anna ny definisjon av overvatn, presisering av definisjonen for avløpsanlegg, ny heimel for pålegg om å gjere tiltak, ny struktur for vass- og avløpsanleggslova og regulering av forholdet mellom abonnent og kommunen som eiger av vass- og avløpsanlegg med meir. Desse forslaga må sjåast i samanheng med forslag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om endringar i plan- og bygningsloven, og forslag frå Direktoratet for byggkvalitet om endringar i byggteknisk forskrift. Til saman er det heilt sentrale verkemiddel for betre handtering av overvatn. Forslaga kompletterer kvarandre.

Først når desse lovendringane er på plass er det hensiktsmessig å gå vidare med forslag om å greie ut ev. behov for endringar i regler om ansvar for skade. Presiseringa av definisjonen av avløpsanlegg i lovforslaga som er til behandling i departementet vil allereie bidra til å klargjere reglene om ansvar. I gjeldande rett er det eit objektivt ansvar for skade forårsaka av avløpsanlegg og eit skuldansvar for overvassskadar elles.

Eg er einig i at det er behov for ei modernisering av lov- og forskriftsregulering av vann- og avløpsgebyra så reglene betre kan bli tilpassa til praksis og behov i kommunane, blant anna med å forenkle reglene for berekning og differensiering av gebyra. Videre er spørsmålet om finansiering av overvassiltak til vurdering i Klima- og miljødepartementet. Dette er ein del av oppfølginga av overvassutvalets forslag.

Eg viser elles til oppmodningsvedtak nr. 914 av 14. juni 2017 kor Stortinget ber regjeringa gjennomgå anbefalingane frå overvassutvalet (NOU 2015:16) og kome tilbake til Stortinget på eigna måte med forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk, inkludert ei vurdering av ein eigen sektorlov for vass- og avløp. Regjeringa vil difor kome tilbake til Stortinget.

3. Om endringar i vass- og avløpsanleggslova og gebyrpåslag på 50 kroner

Til forslaget om endringar i vass- og avløpsanleggslova § 4, så oppfattar eg at forslagsstillarane knyter dette til omtalen av program for teknologiutvikling i vassbransjen som dei viser til og utgreiinga som Folkehelseinstituttet gjorde på bakgrunn av oppmodningsvedtak nr. 1010 (2016-2017). Oppmodningsvedtaket er svart ut i Prop. 1 S (2019-2020) med forslag om å løyve 5 millionar kroner per år i tilskot til eit program for teknologiutvikling i vassbransjen i inntil fem år på vilkår av minst tilsvarende bidrag frå kommunane og frå leverandørindustrien. I samsvar med den nemnde omtalen har det vore gjennomført møte med KS, Norsk Vann, leverandørindustrien og Huseiernes Landsforbund for å drøfte nærare innretning av eit slikt program. Forslaget inneber ikkje eit påslag i gebyr

eller annan avgiftsauke for abonnentane. Lov- og forskriftsgrunnlaget for eit konkret påslag på 50 kr er av den grunn ikkje utgreidd. Arbeidet med programmet har dessverre vorte noko forseinka på grunn av pandemiarbeidet. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med orientering om det vidare arbeidet på egna vis. Som omtala innleiingsvis, meiner eg at vi no må avvente rapporten for moglegheitsstudien før vi set i gong nærare utgreiingar om gebyrpåslag og liknande. Eg nemner også at eit slik gebyrpåslag ikkje nødvendigvis vil vere formålstenleg. Etterslepet i sektoren er stort og det er mange kommunar som kvir seg for å krevje inn høgare gebyr sjølv om dei etter dagens regelverk har moglegheit til det. Eit påslag på gebyret som kjem i tillegg vil difor kunne skape konkurranse mellom kva slags formål inntekt skal brukas til, og dermed medverke til ytterlegare etterslep. Eg meiner derfor det er viktig at vi først får avklart om det er andre effektiviseringspotensial som kan gjere det mogleg å oppnå at ny teknologi i større grad vert nytta. Samtidig er det viktig å halde kostnadene for abonnentane nede.

4. Om forslag for å sikre auka finansiering til vasskompetanse

Forskings- og høgare utdanningsministeren viser til at universiteta og høgskulane sjølve har hovudansvaret for å disponere rammeløyvingane sine og dimensjonere utdanningstilboda for best mogleg å nå dei overordna samfunnsmåla sine. Institusjonane er best i stand til å gjere desse vurderingane, og kan sjå kompetansebehovet i samfunnet og arbeidslivet i samheng med tilgangen på kvalifiserte søkjarar og den faglege utviklinga. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for at det samla tilbodet av høgare utdanning er i tråd med dei nasjonale ambisjonane for å både møte studiesøkarane og arbeidslivet sitt behov, medan utdanningsinstitusjonane har hovudansvaret for dimensjoneringa av tilbodet i dei enkelte utdanningane.

5. Om å flytte ingeniørutdanninga opp éin kategori, til kategori D, med eit langsiktig mål om plassering i kategori C

Kategori plasseringa i finansieringssystemet for universitet og høgskuler inneber ikkje ei direkte styring av korleis institusjonane fordeler ressursane på dei enkelte utdanningane dei tilbyr. Institusjonane mottek ei rammeløyving som dei har ansvar for å disponere. Satsane til de ulike finansieringskategoriane representerer ikkje dei faktiske kostnadene ved eit studium. Dei er grove kategoriar som berre utgjer ein viss forskjell i kostnader mellom ulike typar studieprogram, medan dei faktiske kostnadene for eit studieprogram varierer mellom ulike studiestader og institusjonar.

Finansieringskategoriane har to funksjonar i finansieringssystemet. På den eine sida påverkar dei korleis produksjonsendringar i utdanningane gir utslag i endra rammeløyving gjennom den resultatbaserte utteljinga. Auking eller reduksjon i avlagte studiepoeng eller uteksaminerte kandidatar mellom to år blir multiplisert med den fastlagte satsen, og gir ei resultatbasert utteljing for neste års rammeløyving. Om plassering i ein høgare kategori gir

positiv utfelling, avheng dermed av om produksjonen går opp eller ned. Ein nedgang i produksjonen mellom to år, vil gi større budsjettreduksjon med høgare kategoriinnplassering. På den andre sida blir finansieringskategoriane brukt når departementet tildeler midlar til auka utdanningskapasitet (studieplassar). For ein gitt løyvd sum til studieplassar, vil høgare satsar innebere færre plassar.

Regjeringa har varsla i Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskolar* at den vil gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av finansieringa av universitet og høyskular. Gjennomgangen skal blant annet følge opp Stortingets vedtak 6. oktober 2020 der regjeringa vart beden om å gå gjennom finansieringskategoriane i finansieringssystemet for å sikre riktig finansiering av utdanningar som er etterspurde i arbeidslivet.

6. Om å sikre at Miljødirektoratets forslag til ei utvida vass- og avløpsanleggslov kjem til behandling i Stortinget

Miljødirektoratet har som nemnt hatt forslag om omfattande endringar i vass- og avløpsanleggslova på høyring i 2020. Bakgrunnen for forslaget var blant anna at det var uoversiktleg og til dels manglande lovregulering av forholdet mellom kommunen som eiger av vass- og avløpsanlegg og dei som bruker tenestene. Det gir abonnentane dårlegare rettssikkerheit og skaper usikkerheit og meirarbeid for kommunane. Det er difor viktig å få på plass tydelegare bestemmingar om forholdet mellom abonnent og anleggseiger mm. Miljødirektoratets forslag til ei utvida vass- og avløpsanleggslov vil regulere bruken av kommunens vann- og avløpsteneste og vil med dette bli ei meir samla regulering av tenestene, slik representantane peiker på, enn det som følgjer av gjeldande regelverk.

Høyringsinstansane er generelt positive, men det kom inn ein rekke innspel og forslag til endringar under høyringa som vi må vurdere nærare i departementet. Klima- og miljødepartementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte om når forslaget er klart til behandling i Stortinget.


7. Om fullfinansiering av Nasjonalt senter for vanninfrastruktur knytt til NMBU på Ås

Stortinget har i 2017 og 2018 til saman har løyvd 20 millionar kroner til Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) til etablering av det som nå heiter Nasjonalt senter for vanninfrastruktur. Midlane skulle brukast til å etablere senteret.

Representantforslaget viser til eit behov på ytterlegare 8 millionar kroner for at senteret skal vere fullfinansiert. Kunnskapsdepartementet er ikkje kjent med behovet for ytterlegare midlar til føremålet, heller ikkje kor stort eit mogleg behov kan vere, eller om det er andre aktørar som kan bidra.

I dag er senteret etablert som et aksjeselskap. NMBU kan ikkje utan vidare overføre midlar til eit selskap. NMBU kan ikkje direkte eller indirekte subsidiere aktivitet i eit selskap, og eventuelle økonomiske relasjonar til eit selskap må vere basert på transaksjonar. Kunnskapsdepartementet forvaltar heller ingen tilskotsordningar der det vil vere mogleg for senteret å søke om tilskot til føremålet. Kunnskapsdepartementet har derfor ingen verkemidlar for tilskot til senteret.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Sveinung Rotevatn', with a large, stylized flourish at the end.

Sveinung Rotevatn